



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2351 - 19/28310

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.10.2019

Behov for fleire opplysningar - gbnr 131/63 Remme

Tiltak: Utslepp gbnr 131/63 Remme
Byggjestad: Gbnr: 131/63
Tiltakshavar: Solveig Marie Fosse Gundersen
Ansvarleg søkjar: Stendal Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.08.2019. Saka gjeld søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova.

Vi beklager eventuelle ulempe de har hatt som følgje av sein attendemelding på søknad om utslepp.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område som i kommunedelplanen for Alverstraumen er avsett til LNF-føremål. I LNF-områda er det berre tillatt å føre opp bygningar og anlegg som er nødvendig for primærnæring og for natur- og friluftaktivitetar.

Søknad om utsleppsløyve krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet.

Vi gjer merksam på at etablering av dei planlagte tiltaka og vil krevje at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet og frå det generelle byggjeforbodet i strandsona slik det går fram av plan- og bygningslova § 1-8. Etablering av leidning i sjø krev avklaring og løyve i høve til hamne- og farvasslova.

Nabovarsling

Vi kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på at utsleppet er nabovarsla. Utsleppsøknaden og dispensasjon frå LNF-føremålet i høve søknad om utslepp må nabovarslast.

Vi gjer merksam på at de kan varsle samla om både utsleppsøknaden og etablering av anlegg.

Vegtilkomst

Veg fram til eigedomen går over privat grunn, det må dokumenterast at eigedom gbnr. 131/63 har vegrett fram til Radøyvegen (Fv 565) og også moglegheit for å snu.



Kommunal slamtømmeordning

For at ein skal få etablere slamavskiljar må ein kunne inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Vi ber om at det vert gjort greie for kor det er areal for parkering av slamtømmebil, kor langt er det frå slamavskiljaren til plass for hensetting av slamtømmebil og kor mange høgdemeter slammet må hevast.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet.
2. Dokumentasjon på nabovarsling.
3. Dokumentasjon på at eigedomen har vegrett.
4. Moglegheit og rett til å snu slamtømmebil.
5. Dokumentasjon på kor mange høgdemeter slammet må hevast og avstand frå slamtømmebil til slamavskiljar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.11.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solveig Marie Fosse Gundersen
Standal Vvs AS

Postboks 15 Tertnes
Blombakken 1 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Standal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND